



Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde


Årsrapport 2024

Målsetting med nettverk av ressurspersonar i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna er kompetanseheving, samhandling og samarbeid slik at kreftpasientar og andre pasientar med behov for lindrande behandling, samt deira pårørande, opplever god kvalitet og tryggleik i alle nivå i helsetenesta.

Nettverksarbeidet har vore forankra i ein felles avtale mellom Helse Fonna, kommunane i Helse Fonna-området, Kreftforeningen Distrikt Vestlandet og Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest (KLB) sidan 2005. Etter ny samhandlingsstruktur mellom Helse Fonna og kommunane er nettverket etablert som eit fagnettverk under FOUSAM med eit mandat frå Samhandlingsutvalget. Samhandlingsutvalget vedtok 12. desember 2014 eit mandat for nettverket som er i tråd med tidlegare avtale.

Frå 2014 er Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Kreftomsorg Rogaland (KOR) innlemma som partar i nettverket. Fysioterapeutar og ergoterapeutar er og inkluderte i arbeidet. Ny avtale revidert og godkjent i styringsgruppa hausten 2023.

Organiseringa av nettverket:



Nettverket har styringsgruppe med ein representant frå kvar av partane Helse Fonna, kommunane, HVL, KLB og Kreftforeningen, samt ein brukarrepresentant. Driftsgruppa har ansvar for den daglege drifta av nettverket, og leiaren er representert i styringsgruppa.

I Helse Fonna-nettverket er det til saman 148 ressurspersonar, fordelt på 121 sjukepleiarar og 27 fysio- og ergoterapeutar pr. desember 2024. Dei representerer alle kommunar og tre sjukehus i Fonna-området.

Sjukepleiarnettverket

Klinisk arbeid for ressurssjukepleiarane

Arbeid i nettverksgruppene

Det har vore arrangert i alt 12 nettverksmøte i 2024, eit vårmøte og eit haustmøte i kvar nettverksgruppe. Nettverksmøta er på 6 timer og tema har vore: «Pakkeforløp hjem» og «Psykososial oppfølging».

Driftsgruppemedlemmer sørga for undervisninga også dette året: «Pakkeforløp hjem» ved Kristin Eikill, Kreftforeningen og «Psykososial oppfølging» ved Målfrid Eide, Kreftomsorg Rogaland.

Ressurspersonar i fysioterapi- og ergoterapinettverket får invitasjon til dei lokale nettverksmøta, men har ikkje obligatorisk oppmøte. På nettverksmøta har tverrfagleg samarbeid og det å få innarbeidd møte mellom ressursperson og leiar fortsatt vore vektlagt. På nettverksmøta er det fast del av programmet med «runden rundt bordet», der ressurspersonane deler utfordringar og positive ting frå funksjonen som ressursperson. Ein lokal ressursperson presenterer case som utgangspunkt for felles refleksjon. Alle nye ressurspersonar får utdelt pins på nettverksmøta.

Årleg rapportering

Per 6. februar 2025 viser rapporteringa at 58 % (71 av 121) av ressurssjukepleiarane og 66 % (68 av 103) av leiarane har svart på årleg rapportering for 2024. 60 % av ressurssjukepleiarane som har svart, har vore ressursperson i nettverket i 3 år eller meir.

19 % har avsett tid til funksjonen, og ca. 23 % rapporterer at dei har hatt planmøte med sin leiar.

29 % av ressurssjukepleiarane i kommunen har hatt samarbeidsmøte med fastlegen om aktuelle pasientar. 73 % brukar ESAS-r på sin arbeidsplass og 21 % har medverka til utarbeiding av Individuell Plan.

Retningslinjer for symptomlindrande behandling vert brukt av 79 % av dei som har svart.

71 % har deltatt på kurs/konferansar innan kreftomsorg eller palliasjon det siste året.

63 % har vidareformidla innhald frå nettverksmøte på sin arbeidsstad, og 45 % har hatt internundervisning innan tema kreftomsorg og lindrande behandling på sin arbeidsstad.

På spørsmål om kva som har fungert godt i funksjonen som ressursperson, vert m.a. å bli brukt som ressursperson på arbeidsplassen og vera ein ressurs for kollegaer nemnt. Fleire nemner at dei gjennom nettverket får auka kunnskap og har hatt undervisning på sin arbeidsplass.

På spørsmål om kva som har vore det mest utfordrande i rolla som ressursperson, svarar ca. 80 % at tidspress og mangel på avsett tid har vore mest utfordrande.

På spørsmål om kva informasjon som er viktigast å få frå sjukehuset ved utskriving, vert det nemnt: behandlingsplan (kva avklaringar er gjort, Individuell plan, palliativ plan), kva informasjon som er gitt til pasient og pårørande, oppdatert oversikt medikament og plan for smertelindring.

På spørsmål om kva informasjon som er viktigast å få frå kommunen ved innlegging på sjukehus, vert behandlingsavklaringar, funksjonsnivå og korleis det fungerer i heimen nemnt som viktige punkt.

Rundt 90 % av leiarane, som har svara på rapporteringa, seier dei er kjende med nettverksavtalen. 80 % av leiarane seier nettverket bidrar til å betra kvaliteten på kreftomsorg og lindrande behandling i stor eller svært stor grad.

Resultatet av årleg rapportering for 2024 vert presentert på årleg fagdag.

Poster på Landskonferansen

Nettverka i Helseregion Vest deltok med poster på Landskonferansen i palliasjon i Bergen 11.-13. september, med utgangspunkt i årleg rapportering for 2023, med svar frå 217 ressurssjukepleiarar frå kommunar og 45 ressurssjukepleiarar frå sjukehus. Konklusjonen syner at: Kva som er planen vidare, er viktigast for god kontinuitet ved innleggelse i /utskriving frå sjukehus. Fleire ressurssjukepleiarar i sjukehus framheva informasjon om heimesituasjonen og funksjonsstatus, medan fleire i kommunane meinte det var viktig å få informasjon om kva som er blitt formidla, behandlingsbegrensningar, samt eit telefonnummer for eventuelle tilleggsopplysningar, råd og veiledning.

Oppmøte 2024

Nettverk Indre Haugalandet: vår: 17 av 21 ressurssjukepleiarar
haust: 16 av 22 ressurssjukepleiarar

Nettverk Hardanger: vår: 5 av 11 ressurssjukepleierar, 1 fysioterapeut, 1 ergoterapeut
 haust: 9 av 10 ressurssjukepleiarar, 1 fysioterapeut, 1 ergoterapeut

Nettverk Sunnhordland: vår: 14 av 32 ressurssjukepleiarar
 haust: 19 av 28 ressurssjukepleiarar

Nettverk Ytre Haugaland Nord: vår: 11 av 17 ressurssjukepleiarar
 haust: 11 av 22 ressurssjukepleiarar

Nettverk Ytre Haugaland Midt: vår: 12 av 17 ressurssjukepleierar
 haust: 13 av 16 ressurssjukepleierar

Nettverk Ytre Haugaland Sør: vår: 12 av 24 ressurssjukepleierar
 haust: 9 av 24 ressurssjukepleierar

Driftsgruppa

Driftsgruppa har hatt 4 møte i 2024: 6. februar på Haugesund sjukehus, 28. mai på HVL, 3. september på Odda sjukehus og 19. november på Stord sjukehus.

Det har vore engasjerte medlemmer i driftsgruppa og mange saker har vore diskuterte.

Representantar i driftsgruppa hausten 2024:

- Grete Skeie Sørhus, leiar, Vindafjord kommune og KLB
- Jenny Ann Lid Toft, Haugesund sjukehus og KLB (studiepermisjon frå hausten 2024)
- Therece Aga, Tysnes kommune
- Berit Røksund, Stord sjukehus
- Eva B. Johansen, Haugesund kommune
- May Kristin Valen, HVL
- Målfrid Eide, KOR
- Aase Haktorson, FOUSAM / Helsefellesskapet Helse Fonna
- Anne Kristine Ådland, Utviklingsenter for sykehjem og hjemmetjenester i Helse Fonna-kommunane
- Charlotte Ramsøy, Odda sjukehus
- Hege Lyssand, Ullensvang kommune
- Kristin Eikill, Kreftforeningen

Styringsgruppa

Styringsgruppa for nettverket har i 2024 bestått av

- Sølvi Eide Lunde, HVL (leiar)
- Dagny Faksvåg Haugen, KLB (fram til juni)
- Katrin Sigurdardottir, KLB (frå hausten av)
- Kjersti Tollaksen, Helse Fonna
- Camilla Gram, Kreftforeningen
- Tore Haaland, PKO representant
- Ida Elisabeth Gaard, USHT
- Bjørn Harald Johansen, brukarrepresentant
- Grete Skeie Sørhus, leiar av driftsgruppa for sjukepleienettverket
- Karoline Berge, leiar av driftsgruppa for fysioterapi- og ergoterapinettverket

Styringsgruppa har hatt to møte i 2024: 5. februar og 24. oktober, begge møte på Haugesund sjukehus.

Årleg fagdag

Årleg fagdag 2024 vart arrangert 12. mars med 121 deltagarar og tema for dagen: «Når er nok nok? Med fokus på behandlingsbegrensning». Dagny F. Haugen hadde innleiing til tema for dagen og helsing til nettverket i starten av dagen. Program for dagen bestod av: Foredrag ved Margrethe Schaufel, overlege, Lungeavdelinga, Haukeland universitetssjukehus: «Når er nok nok? Foredrag ved Valborg Sinnes, sjukehusprest og leiar for klinisk etikk-komite i Helse Fonna: «Etikken i møte med det vanskelege.» Foredrag ved Tone-Lise Frantzen, spesialfysioterapeut, Sunniva palliativt team, Haraldsplass Diakonale Sykehus, «Når er nok nok? – frå eit fysioterapiperspektiv.»

Evaluering:

100 % syntes dagen hadde fungert særskilt godt eller godt, hadde svært godt utbytte av programmet og 85 % syntes det var svært nyttig med ein fagdag for heile nettverket.

Introduksjonskurs

Introduksjonskurs vart arrangert 1. oktober 2024. 35 ressurspersonar og leiarar deltok. Målsetting for introduksjonskurset er å gi kunnskap om organisering av nettverket og palliativ verksemd i regionen, samt å drøfta forventningar til og bevissthet rundt rolla som ressursperson.

Fagdag i grunnleggjande palliasjon

Fagdag i grunnleggande palliasjon vart arrangert den 26. november på HVL. Denne fagdagen vart arrangert for alle nye ressurspersonar i nettverket og alle som ynskte friska opp sine kunnskapar. I tillegg gjekk invitasjon ut til helsepersonell i Helse Fonna området, som ikkje er med i nettverket, men som møter palliative pasientar i primær- og spesialisthelsetenesta. Totalt 68 personar deltok. Fleire frå Helse Fonna regionen deltok som ikkje var del av nettverket. Representantar frå driftsgruppa, samt palliativt team ved Haugesund sjukehus, stod for undervisninga.

World Hospice and Palliative Care Day

Verdsdagen for lindrande behandling vart markert 2. oktober på Tysvær Kulturhus. På programmet stod foredrag ved Geir Sverre Braut, seniorrådgiver ved Forskningsavdelingen ved Stavanger Universitetssjukehus, samt foredrag ved Kathrine Kallekodt Kyvik, leiar for Våketjenesten Karmøy Røde Kors og Bjørn Harald Johansen, leiar av Prostatakreftforeningen på Haugalandet.

Velkomstbrev og nyheitsbrev

Alle nye ressurspersonar har fått tilsendt velkomstbrev med nyttig informasjon. Nyheitsbrev frå nettverket vert sendt ut til alle ressurspersonar og leiarar to gonger i løpet av året.

Nettsider

På KLB si heimeside har Helse Fonna ei eiga side med oppdatert informasjon m.a. om nettverksmøte, nyheitsbrev og andre aktivitetar i nettverket.

Pallnet er register over ressurspersonar i Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i Helseregion Vest. Namnelista og oversikt over alle ressurspersonar i nettverket er å finna der. I Pallnet kan ein enkelt søkja opp ressurspersonar i nettverket.

Utviklingsarbeid

Det vart i 2024 jobba med ny felles strategi (2025 – 2029) for nettverka i alle 4 helseføretak i Helseregion Vest. Alle ressurspersonar i nettverket vart invitert til å bidra med innspel til ny strategi ved å svara på spørsmål via e-post.

Ny roll-up for nettverket i Helse Fonna, med oppdatert informasjon, er under produksjon.

Fysioterapi- og ergoterapinettverket

Driftsgruppa har hatt fem møter i 2024. Hovudarbeidet har vore planlegging og gjennomføring av vår eigen fagdag. Fagdagen dette året vart arrangert 12. november i

samarbeid med Terapeutavdelinga på Haugesund sjukehus. Tema for dagen var "Trening og kreft". Hovudforelesar var spesialfysioterapeut og førsteamuanensis ved NTNU Guro Birgitte Stene. Det var også innlegg frå ernæringsfysiolog Lina Midtgård Nilsen, Helse Fonna, presentasjon av kreftrehabilitering ved Rehabilitering Vest, samt informasjon om organisasjonen "Aktiv mot kreft". Det var 28 fysioterapeutar og ergoterapeutar frå sjukehus og kommunar som deltok på fagdagen.

Den digitale fagdagen 4. juni, vart arrangert av Helse Bergen med tema "Fatigue. Ivaretakelse av hjelperen" med innlegg ved overlege Frode Skanke, fysioterapeut Synne-Kristin Bøhn, spesialergoterapeut Thea Bakken og psykolog Marianne Straume. Det var ein spennande halvdagssamling. Den digitale fagdagen var ein fin måte for nettverka i Helseregion Vest å samarbeida og dela kompetanse.

Konklusjon

Mange ressurspersonar har fått auka sin kompetanse og kunnskap innan palliasjon i løpet av 2024 på nettverksmøter og fagdagar. Det var rekordstort frammøte på årleg fagdag i mars. På nettverksmøta har det vore noko varierande frammøte.

Grete Skeie Sørhus, leiar for driftsgruppa, sjukepleienettverket
Karoline Berge, leiar for driftsgruppa, fysioterapi- og ergoterapinetverket